



Hjelmås Vvs AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar: Ref.:N7RRHG-
Skjemanr.:3934
Vår: 22/2567 - 22/27658

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
06.04.2022

Mellombels svar på rørleggermelding - gbnr 24/107 Fammestad

Tiltak: Tilknytting kommunalt vatn og avløp - tomannbustad
Byggjestad: Furulia 13 A og B – Gbnr 24/107
Tiltakshavar: Solbakk & Soltveit Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Hjelmås VVS AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kommunal vasskum som det vises til i søknad, er ikkje ei vanleg vasskum. Grunna forholda på staden er det etablert ei kum med Baio løysing for å sikre brannvatn i området. Det er ikkje lagt til rette for at bustader skal knytte seg på i denne kummen.

For å knytte tomannsbustad på kommunal vatn må det etablerast ny kum på kommunal vassleidning. I tillegg til stoppekraner i kum, skal det også være utvendige stoppekraner inne på tomta. Stoppekraner skal være merka og vist på situasjonskart (VA-kart).

2. Det må sendast inn nytt situasjonskart (VA-kart) som viser bygg, tomtegrenser og kommunalt leidningsnett. På situasjonskartet skal stikkledning m. meir være vist frå veggliv til tilknytingspunkt på kommunalt leidningsnett.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.05.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hjelmås Vvs AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG